

# Kammermusikalsk spitsenklasse

Christian Wallumrød dyrkar det abrupte i spenningsfeltet mellom sjangrar.

## JAZZ

CHRISTIAN WALLUMRØD  
ENSEMBLE:



### Outstairs

CHRISTIAN WAL-  
LUMRØD, PIANO,  
PUMPEORGEL, LEI-  
KEPIANO; EIVIND

LØNNING, TROMPET; GJERMUND LAR-  
SEN, FIOLIN, HARDINGFELE, BRATS;

ESPEN REINERTSEN, TENORSAKS;

TOVE TÖRNNGREN, CELLO OG PER

ODDVAR JOHANSEN, TROMMER. ECM

Dette er den femte utgjevinga til Christian Wallumrød Ensemble og stadfester inntrykket av

at Wallumrød er i ferd med å etablera seg i topssjiktet som komponist og orkesterleiar innanfor kammermusikken.

Wallumrød komponerer i spenningsfeltet mellom jazz, folkemusikk og samtidsmusikk. Han dyrkar det abrupte, ellipsen og pausen. Gjennom ein serie «drops» skaper han på opningssporet «Stille Rock» ein gjennomgåande start/stopp-effekt eller ein «Sisyfos-effekt» som skaper sterkt spenning i den minimalistiske utviklinga av temaet. I «Bunadsbangla» introduserer han eit funky folke-musikkinspirert tema som etter

ein lengre pause blir avløyst av ein nærast bånsullaktig B-del før ensemblet gjennom ein vamp vender attende til A-del og utviklar den. Heile tida ligg Johansens trommegroove under.

Espen Reinertsen er ein fin tilvekst til ensemblet. Samarbeidet hans med Eivind Lønning i friimprovisasjonsduoen «Streifjenjunko» gjev ein ny dimensjon til ensembleklangen. Elles

er det vare felespelet til Gjermund Larsen ein av dei store attraksjonane på denne plata.

Likeins studioklangen. Som forgjengaren er plata innspela i RSIs studio i Lugano. Klangen er mektig og detaljane krystallklare.

### LARS MOSSEFINN

Lars Mossefinn er frilans kulturkon-  
sulent og fast jazzmeldar i  
Dag og Tid.

Wallumrød er i ferd med å etablera seg i topssjiktet som komponist.